

## **KOORDINATOR**

Når du får ein demensdiagnose vil du innan kort tid bli kontakta av demenskoordinatoren i kommunen. Koordinatoren vert den person du/de forhold deg/dykk til om du/de lurer på noko i høve tenester kommunen kan tilby eller berre treng å snakke med nokon.

Demenskoordinator er Anne Grete Fredheim Bergum.

Ho kan du/de nå på telefon 40406803 Om du ikkje får svar ringer ho tilbake.

## **DAGTILBOD**

Kommunen har eit tilbod på Hafslo måndag, tysdag, onsdag og fredag kl 09.00 – 15.00 for dykk som har ein demensdiagnose. Her vert du henta og bringa heime av personalet som jobbar på dagsenteret. På dagsenteret driv ein med ulike aktivitetar inne og ute. Det vert servert frukost og varm lunsj kvar dag.

## **VELFERDSTEKNOLOGI/HJELPEMIDDEL**

Det finst mange ulike hjelpemiddel som kan gjere kvardagen din enklare å meistre. Døme på dette er GPS, forglemmegei(elektronisk kalender). Koordinator eller ergoterapeut kan hjelpe deg med å finne ut kva du kan ha nytte av og hjelpe deg med å skaffe desse hjelpemidlane. Det er også mange ulike hjelpemiddel ein enkelt kan få tak i på ulike butikkar.

## **STØTTEKONTAKT**

Du kan søke om denne tenesta viss du treng hjelp til å kome deg ut.

## **RETTIGHEITER**

Koordinator kan hjelpe deg/dykk med å finne ut kva rettigheter du/de har i høve ulike stønadsordningar.

Koordinator vil vere behjelpeleg med å skaffe deg/dykk informasjon om demens i form av brosjyrar, nettsider, foreningar og liknande.



